

## **Årsmøte 22.01.09**

Møtte: Ragnhild E., Tine, Liv Jorunn, Johanne, Rebecca, Heidi, Stine, Ann Lajla, Ragnhild Ø., Ingvild, Edle, Andreas og Ida (13 stk).

### **Sak 1 Årsmelding**

Ragnhild gjekk gjennom årsmeldinga.  
Godkjent

### **Sak 2 Godkjenning av innkalling**

Skriv i Møre, informasjon på forumet til Volda Rideklubb, samt SMS til medlema.  
Godkjent

### **Sak 3 Reknskap**

I fjor gjekk VRK i underskot på medlemsskap og baneleige hjå medlema, og heva difor kontigentet. Klubben går no i overskot på medlema, i tillegg har VRK gått i overskot på dei fleste stemner og treningar, men går i underskot på reknskapet grunna mangel på sponning av handicaprampe. På konto har me 40 000,-, men det går litt ut pga klubbjakkene. Andre større inntekter i år er sponning av hestehengar frå Sparebanken Møre på 10 000,- og sponning frå Volda Idrettsråd på 7500,-.  
Godkjent

### **Sak 4 Hestesportsanlegg og stiftelse**

Styret informerer medlema om arbeidet rundt ny ridebane og hestesportsanlegg. 15.juli 2009 står klubben utan ridebane, og har med det funne nytt område til ridebane og seinare anlegg, noko som ser veldig lovande ut. Formannskapet stemte 1 imot og 7 for. Kontraktforslag er laga av grunneigar, og styret jobbar aktivt med å få ordna ei ferdig kontrakt. Planen er 40x60 ridebane, me satsar stort i staden for å byrje å utvide seinare.

Vestri har teke kontakt om samarbeid om hestesportsanlegget, noko som viser engasjement og positiv innstilling til anlegg i Volda òg. Det må vurderast nøye og styret ynskjer å arrangere eit møte med Vestri.

Styret lufta tanken om ein stiftelse, noko som medlema var positive til. Ein stiftelse sikrar rideklubben mot konkurs, noko som òg held dei involverte utanfor økonomisk ansvar om noko går gale. Om andre lag eller klubbar blir med på anlegget må også desse involverast i eit ekstraordinært styremøte for å avgjere kven som evt vil sitje i stiftelsen.

Årsmøtet godkjenner å danne ein stiftelse

### **Sak 5 Val av nytt styre**

Ida, Edle og Ragnhild ynskjer å sitje vidare i styret. Janita ser helst at ho slepp å sitje vidare.

Heidi blei valt til 2.vara.

Styret konstituerer seg sjølv.

### **Sak 6 Aktivitetsgruppa**

Ragnhild, Liv Jorunn, Stine, Ingvild, Ida og Tine ynskjer å sitje i aktivitetsgruppa. Der kjem ein klubbmobil, slik at enkeltpersonar slepp utgifter for påminningar etc. Blir enklare med fellesmeldingar om kurs, stemner og arrangement.

### **Sak 7 Aktivitetar**

Trening med Kari Øye og tre D-stemner er under planlegging no på vårparten. Det vil bli fleire kurs framover, i nær framtid. Volda Rideklubb satsar på eit aktivt år!

### **Sak 8 Premiering av dugnadstimar**

Ingen oppnådde 15 timar i dugnadstimar, men den som toppa lista var Janita med 13,5 timar. Styret minna om at det var lurt å hugse på å seie ifrå til ansvarleg for dugnadstimane, då medlema har ansvar for dette sjølv. Mange dugnadstimar gir goder!

Ragnhild Ekornrud sign  
Ann Lajla Brungot sign